

---

|                      |                         |
|----------------------|-------------------------|
| <b>Vår referanse</b> | 2021/6239-3             |
| <b>Dato</b>          | 25.02.2021              |
| <b>Sakshandsamar</b> | Trond Wahl              |
| <b>Telefon</b>       | 40916223                |
| <b>E-post</b>        | Trond.olav.wahl@vlfk.no |


---

Masfjorden kommune

## Engesund Fiskeoppdrett AS - Søknad om endra anleggsconfigurasjon på lokalitet Duesund i Masfjorden kommune

Vestland fylkeskommune send med dette kopi av søknad motteke 19.02.2021 frå Engesund Fiskeoppdrett AS om endra anleggsconfigurasjon på lokalitet 11644 Duesund i Masfjorden kommune

Engesund fiskeoppdrett AS skriv at fôrflåten som er der i dag har lita kapasitet og dei vil ha inn ei ekstra fôrflåte øst for stålanlegget. Dette område er i dag klarert for tare dyrking og vil bli noko redusert for å få plass til flåten. Tareanlegget vert redusert frå 230 m til 195 m. Den sørlege delen av tareanlegget vert flytta omlag 50 m mot sør. Det er ikkje søkt om anna endring på lokaliteten.



**Figur** syner dagens godkjente anlegg til venstre og omsøkt anlegg til høyre. Svart skravert er område for fiskeoppdrett, rødt skravert er eksisterande fôrflåte medan figur med orange farge er ny fôrflåte.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Søkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å

vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte parter meiner at tiltaket kan få vesentlege verknader, og disse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter utlysing.

Vestland fylkeskommune ber om at Masfjordne kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Med helsing

**Trond Olav Wahl**  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*